



Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad:	Digitalt
Dato:	17.07.2026
Tidspunkt:	13:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 23/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 24/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 25/26	Orienteringar og referatsaker		
RS 18/26	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvsthusnipa - motorferdsel - 2026 - prøvetaking anortosit - Gudvangen Stein		2026/12803
ST 26/26	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Styvi - uttak av grus - 2026 - Bjørn Henning Hov		2026/12215
ST 27/26	Saksframlegg - Endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - istandsetting av taubane - Øvste Stegen Høgdegard		2024/15702

ST 23/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 24/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 25/26 Orienteringar og referatsaker
RS 18/26 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -
Øvsthusnipa - motorferdsel - 2026 - prøvetaking anortosit - Gudvangen Stein



Arkivsaksnr: 2026/12215-2

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 09.07.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	26/26	17.07.2026

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Styvi - uttak av grus - 2026

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjørn Henning Hov løyve til å ta ut grus frå Styviselvi til bakfyll på grunnmuren for naustet på Styvi. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Det kan takast ut inntil 12 traktorskuffer med stein og grus. Ved uttak skal det ikkje gravast i elvekanten, berre i grusryggen som har lagt seg opp midt i elva.
- Kantvegetasjonen mot elva skal ikkje fjernast.
- Grusuttaket skal vera skånsamt, og vera minst mogleg synleg i landskapet.
- Det skal ikkje gravast ned i elvebotnen.
- Løyve til uttak gjeld for perioden 16. juli til 30.08.2026.
- Verneområdeforvaltar skal vera med på synfaring for sluttgodkjenning av tiltaket i elva. Synfaringa skal gjennomførast innan 30.09.2026.

Saka er berre behandla etter verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Tiltakshavar er ansvarleg for å innhente naudsynte løyver etter anna regelverk.

Motorferdsle

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjørn Henning Hov løyve til å bruke traktor i Styviselva for å ta ut grus frå Styviselvi til bakfyll for grunnmuren på naustet på Styvi. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Det skal ikkje køyrast i elva utanom der det vert henta ut grus.
- Køyring i elva skal ikkje medføra ureining av olje og drivstoff.
- Tiltakshavar skal straks gjera tiltak for å hindre ureining dersom det er lekkasje av olje eller drivstoff i elva.



Saksopplysningar

- Søknad om uttak av grus frå Styviselvi, Bjørn Henning Hov, 26.06.2026
- Løyve – Nærøyfjorden landskapsvernområde – oppattbygging av naust på Styvi. Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre 14.05.2019 - sak 21/19
- Styviselvi - Fråsegn i høve melding om vedlikehald, forsterking og delvis ny to-sidig forbygging - Aurland kommune, NVE, 06.10.2016


Søknaden


I 2019 Bjørn Henning Hov løyve av Nærøyfjorden verneområdestyre til å bygge opp att naustet på Styvi. I samband med dette arbeidet, må grunnmurane på naustet restaurerast. Det inneber å ta ned deler av muren. Det er naudsynt å fylle stein og grus bak muren for å hindre framtidig sig og frostsprenging der muren står inn mot bakken.

Hov vil legge grov drenerande masse bak muren, og søker her om å ta ut ca. 10traktorskuffer med grus frå Styviselva. Han søker om å henta grus frå grusrygg som har lagt seg midt i elva. Styviselva har stor masseføring som fører til at det hopar seg opp med stein og grus i elva. Hov ser uttaket av stein og grus som ein fordel for å unngå at elva tek nytt løp innover kulturmarka på Styvi og Vetlestyvi.

Hov har arbeidsfolk som skal restaurera naustet frå ca. 14. juli, og søker om å få ta ut grus og sand frå elva i sommar.

Hov vil ta ut grus frå grusryggen ca. 100 meter opp i elva frå elvemunningen. Sjå bildet under.





Figur 1 Kart over området med markering av naturtyper og raudlisa artar. Kopi frå fylkesatlas

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Revidert skjøtselsplan for Styvi-Holmo i Nærøfjorden landskapsvernområde, Aurland kommune, *Miljøfaglig Utredning – rapport 2022-36*
- Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden – 2021-2026
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. Miljødirektoratet, Veileder – M106-2014



Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjør ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode, jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeld t.d. «...*masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse...*» (jf. § 3 punkt 1.1. a)). Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». Begge vilkåra må vera oppfylt, både at det ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, for at det kan gjerast unntak etter naturmangfaldlova § 48.

For å ta ut grus frå elva, må det brukast traktor med skuffe. All motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode i verneområdet, jf. verneforskrifta § 3 punkt 2.1. Forvaltninga må vurdera om det er heimel etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til motorferdsel i samband med grusuttaket.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Styvi og Styviselva ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Denne saka handlar om å ta ut grus og sand frå elva for å bruka som drenerande massar bak naustmuren på Styvi. Naustet og bygningsmiljøet med kulturlandskapet på Styvi utgjør eit heilskapleg kulturmiljø som er viktig å ta vare på, og som er ein del av verneføremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Tiltakshavar Bjørn Henning Hov søker om å ta ut inntil 10 traktorskuffer med grus frå Styviselva. I landskapsvernområdet er det eit generelt forbod mot å ta ut massar, og det må vurderast om det er heimel for å vurdera tiltaket etter naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. I fylgje førearbeidet til naturmangfaldlova, kan ikkje § 48 nyttast for å utvida ramma som var trekt opp i vernevedtaket. Rundskrivet om forvaltning av verneforskrifter frå Miljødirektoratet beskriv korleis § 48 er meint å nyttast: «*Dispensasjonsbestemmelsen er i utgangspunktet ment for uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert ved opprettelsen av verneområdet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrrelser. § 48 første alternativ dekker tilfeller hvor verneformålet og verneverdiene tåler enkeltstående avvik fra vernebestemmelsene*».

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonen må ikkje gjevast



sjølv om vilkåra er oppfylt. Det skal gjerast ei konkret vurdering i den einskilde saka, og skjønn og retningslinjer frå overordna styresmakter er del av vurderinga samstundes som ein skal vektlegge tilrettelegging for verdiskaping. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller heilt spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Det må vurderast kva kunnskap som er i området, og om den er god for å vurdere saka jf. nml. § 8. I samband med revidert skjøtselsplan for Styvi (rapport 2022), vart det gjennomført kartlegging av naturtypar og artar for heile området. Området ved Styviselva er registrert som open flaumfastmark. Det er ikkje registrert raudlista artar i eller nær Styviselva. Styviselva er i fylgje Statsforvaltaren i Vestland ikkje registrert som anadrom elvestrekning. Statsforvaltaren gav denne uttalen i samband med uttak av grus frå elva i 2016. Dei uttalte vidare at uttaket bør avgrensast til nedste del av elvemunninga ned mot sjøen, i tilfelle det har vore gyting lenger opp i elva. Grunneigarane opplyser at det er lite oppgang av fisk i denne elva.

Ei traktorskuffe kan ta ca. 1 m³ med grus. Inntil 12 traktorskuffer med grus er vurdert som mindre mengder i denne elva. NVE (Norges vassdrags og energidirektorat) gav munnleg tilbakemelding om uttak av grus frå elva i 2016. I uttalen vart det sagt at NVE ikkje treng behandla saka etter vassdragslova så lenge det er eit mindre uttak av grus, og saka vert behandla av verneområdestyret. Aurland kommune har uttalt at dei ikkje har merknader til saka så lenge det er eit avgrensa uttak av grus. Det er bra kunnskapen om Styvi og Styviselva gjennom arbeid med forvaltningsplan, skjøtselsplan, skjøtselsarbeid på Styvi og kartlegging av elva i samband med elveforbygging i Styviselva i 2017. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt for å vurdere denne saka jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Styviselva er ei flaumelva som fører med seg massar nedover elva. Nedst i elva og i elvemunningen har det samla seg opp store mengder stein og grus. Massane inneheld i stor grad grov grus og stein. Masseflytting i elveløpet er naturlege prosessar som er viktige for plante- og dyrelivet, og det er viktig for opplevinga av landskapet i Nærøyfjorden. Eit av føremåla for vern av området er å ta vare på natur- og kulturlandskapet. Nærøyfjorden landskapsvernområde er i tillegg ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Dei geologiske aktive prosessane er ei av hovudkriteria for innskrivinga på UNESCO si verdsarvliste. Alle tiltak må difor i minst mogleg grad påverka dei naturlege prosessane i vassdraga. Dei jamlege flaumar i Styviselva har ført til at det har danna seg ein rygg midt i elveløpet nedst i elva. Elveløpet vil naturleg flytta på seg over tid gjennom tilføring av nye massar. Mindre uttak av stein og grus frå dette området vil difor ha liten påverknad på landskapet. Grusen som skal nyttast som bakfyll til muren vil ikkje vera synleg etter arbeidet med naustet er avslutta. Eit uttak i elva på Styvi vil ikkje automatisk gje presedens for uttak i andre elver i dette verneområdet. Ei eventuell ny sak må vurderast særskilt med tanke på storleiken på uttaket og korleis inngrepet vil påverka landskapet. Uttak av grus frå elva er vurdert som eit særskilt tilfelle. Ut frå ei samla vurdering av kva konsekvensar tiltaket vil få på økosystemet jf. nml. § 10, meiner forvaltar den samla belastninga av tiltaket vil ha liten påverknad på naturverdiane i område.

Det er naudsynt med grus og stein som bakfyll til muren for å sikre muren for framtida. Alternativet til uttak av grus frå elva, er å transportera grus til området. Det vil vera svært kostnadskrevjande, og miljømessig vil det vera negativt med tanke på auka transport i området. Uttak av grus og stein frå rasvifter i området vil gje større verknad på landskapets



art og karakter, og vil vera ein dårlegare metode enn å henta grus frå elva. Uttak av grus bør gjerast i nedste del av elva, ned mot sjøen i elvemunningen. I dette området vil eit uttaket gje minst mogleg påverknad på landskapet, og elva er i stadig endring på grunn av masseflytting ved stor vassføring i elva. Forsiktig uttak med bruk av traktor og skuffe er vurdert til å vera ein bra arbeidsmetode som vil gje avgrensa skade på naturverdiane jf. nml. § 12. Det skal ikkje gravast i elvekantane, og kantvegetasjonen mot elva skal ikkje endrast.

Dersom tiltaket medfører skade på naturverdiane skal tiltakshavar ta kostnaden med å avgrensa og retta skadane jf. nml. § 11.

Konklusjon

Eit avgrensa uttak av grus slik som skissert i saka, vil gje liten påverknad på landskapets art og karakter, og det vil i liten grad ha negativ påverknad på verneverdiane. Tiltaket er vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet og ikkje påverka verneverdiane vesentleg. Forvaltar meiner difor det er heimel til for å gje dispensasjon til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48. Etter ei samla vurdering av verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, rår forvaltar til at det vert gjeve løyve etter naturmangfaldlova § 48 til grusuttak i Styviselva og bruk av traktor i samband med grusuttaket.



Arkivsaksnr: 2024/15702-18

Sakshandsamar: Aron Freyr Gudmundsson

Dato: 10.07.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	27/26	17.07.2026

Saksframlegg - Endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - istandsetting av taubane - Øvste Stegen Høgdegard

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Øvste Stegen Høgdegard løyve til å støype fundament til fester for taubanebukkane og endre plassering for vindauge i heishuset. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Den gamle taubana skal byggast opp igjen så lik som mogleg som den gamle, med bruk av tradisjonell konstruksjon og material så langt det er mogleg.
 - Taubana skal følgje ruta som den gamle taubana hadde frå fjorden til garden.
 - Det kan settast opp tre taubanebukkar der dei gamle bukkane sto. Bukkane skal ha same storleik som dei gamle bukkane. Bukkane skal byggast i furu og tilpassast terrenget. Dei kan vere inntil 5 meter høge og ha ei grunnflate på inntil 2,5x2,5 meter.
 - For ekstra sikring kan bukkane gysast fast i grunnen, og avstivast med bardunwirer som gysast fast i berget, dersom det er naudsynt. Det kan brukast det som trengs av nye boltar, armeringsjern etc. for å feste bukkane så dei står trygt.
 - **Dersom taubanebukkane ikkje kan gysast fast direkte i grunnfjellet, kan det etablerast støypte fundament. Kvar bukk har to bein, og tiltaket kan difor omfatte inntil seks fundamentpunkt for forankring av tre taubanebukkar.**
 - **Fundament skal støypast under bakkeplan og dekkjast til med stadlege jord- og steinmassar, slik at inngrepet vert minst mogleg synleg i terrenget.**
 - For bæring av trekk- lastewire skal dei gamle stålkonstruksjonane som ligg i terrenget brukast, så langt det er mogleg. Desse kan behandlast mot rust og monterast på bukkane.
 - Taubana skal driftast av en motorisert vinsj på toppen av bana.



- Det kan settast opp eit enkelt vernebygg over vinsjen.
 - Bygget skal settast opp der det gamle bygget sto.
 - Bygget kan vere inntil 3 meter langt og 2 meter breitt, og med ein høgde til beten på ca 2 meter.
 - Bygget skal utførast som eit stikkspærrehus, dvs ein reisverkskonstruksjon i bindingsverk med botn og toppsviller, som har sperrebukkar som berer åsar. Om mogleg bør reisverket byggast av tre hogd lokalt på plassen.
 - Bygget kan ha kledning på tre sider. Opninga mot taubanetraseen skal vere open. Ei luke kan settast foran opninga på vinteren og når taubana ikkje er i drift.
 - Bygget skal ha ein enkel grunnmur i tørrmur.
 - Bygget skal ha kledning i kanta bord av furu eller osp. Kledningen skal vere ubehandla. Liggande kledning blir anbefalt.
 - Taket skal vere av bølgeblekk.
 - Bygget kan ha ei enkel, tradisjonell labankdør.
 - **Det kan setjast inn eit vindauge på langveggen på motsett sida av døra i heishuset. Vindauget skal vere eit enkelt, tradisjonelt kitta vindauge med maksimal storleik 80 x 80 cm.**
- Rapport med bilde av tiltaket skal sendast til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Tilleggssøknad om flytting av vindauge og støype fundament for bukkane til taubane frå fjorden til Øvste Stegen, 02.07.2026
- Vedtak Nærøfjorden landskapsvernområde – Øvste Stigen – Løyve til istandsetting av taubane – Øvste Stegen, 22.04.2025, (ref. 2024/15702)
- Kulturminnefagleg fråsegn frå Vestland fylkeskommune, motteken 22.01.2025

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden – 2021-2026
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. Miljødirektoratet, Veileder – M106-2014



Søknaden

Tilleggssøknaden 02.07.2026

Det går fram av søknaden at det ved oppstart av arbeidet vart avdekt at grunnen på fleire av oppstillingspunktta for taubanebukkane består av stein- og jordmassar. Det er difor ikkje mogleg å oppnå tilstrekkeleg sikker forankring direkte i fjell, slik det tidlegare vart lagt til grunn. I søknaden vert det opplyst at det er naudsynt å støype fundament for bukkane, då det er for djupt ned til fast fjell. Fundamenta skal sikre tilstrekkeleg forankring av bukkane og hindre at belastninga frå heising påverkar stabiliteten til konstruksjonen. Fundamenta vert under bakkeplan og skal dekkjast til så dei ikkje vert synlege.

Det er også søkt om å få flytte vindauget ved sidan av døra på heishuset til motsett langvegg frå det som går fram av tidlegare løyve. Endringa er grunngjeven med behov for betre lysforhold ved bruk av heiseanlegget.

Frå søknaden 22.10.2024

Øvste Stegen er ein høgdegard som ligg på 350 høgdemeter over Aurlandsfjorden. Ottar Stegen er eigarar av Øvste Stegen Høgdegard. Saman med sønene ynskjer han å utvikle og ta i bruk høgdegarden i næringssamanheng. Dei held på å bygge opp ein stamme av sau, og ynskjer i tillegg å satse på omvising, servering og kulturformidling på garden. Det er ein bratt sti opp til garden frå fjorden, og per i dag må alt berast opp. Det vart bygd taubane frå fjorden og nesten opp til garden ca 1900. Då garden vart slått for siste gong i 1978 begynte forfallet på taubana - og ca 1989 var bukkane rotne og ubrukelege. Ottar Stegen søker no om å få setje oppatt taubana

Taubana har både kulturhistorisk og miljømessig verdi og er viktig for heilskapen i kulturmiljøet på Øvste Stegen. Taubana er og eit nødvendig hjelpemiddel for å drive og utvikle garden. Alt me treng av utstyr og proviant må berast opp. Me har teke imot litt gjester på garden og kjent på kor arbeidskrevjande og tungt det har vore å bore det som skulle til for å legge til rette for det. Skal me utvikle og ta garden i bruk til turisme-kulturhistorisk formidling, er taubane eit nødvendig hjelpemiddel for å at me skal kunne tilby det. Fram til no når me har hatt gjester på garden, har me fått berehjelp av sønnene vår og venner. Det er vanskeleg å planlegge og ta imot gjester fordi me ikkje veit om det passar at nokon kan hjelpe oss å bere. Å gjere dette utan taubane, er krevjande og ikkje noko me kan satse på.

Høgdegardane er omtalt i Forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, som særskild viktige å ta vare på. Det same gjeld for kulturlandskapet på Stegen. I Restaureringsplanen for Nærøyfjordområdet (2021) har kulturmiljøet på Stegen høgste prioritet. For å kunne drive, utvikle og ta vare på garden er det avgjerande at arbeidet er overkommeleg – at me klarer å stå i dette viktige arbeidet. Me treng difor taubane.



I eit skriv med tilleggsopplysningar legg dei til at taubana også vil brukast til å frakte høy. Dei planlegg å hesje graset dei slår på Øvste Stegen, sende det ned til fjorden med taubana, frakte det til Aurland og nytte det som fôr til sauane. Dette vart gjort med høyet frå 1972 til 1978, då garden framleis var fylldyrka.

Øvste Stegen Høgdegard har engasjert Dennis Guhl, Vestlaft AS, til å greie ut korleis arbeidet bør gjennomførast. For å sjå skildringa av planane, sjå beskrivinga av søknaden i vedtaket frå 22.04.2025.

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjør ein vesentleg del av landskapets karakter*».

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Dette gjeld til dømes: ... oppføring av anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar og jordleidningar....

1.2 Reglane i 1.1 er likevel ikkje til hinder for: e. Vanleg vedlikehald av eksisterande kablar, luftleidningar, vatningsveiter, løypestreng, gjerde m.m. ...

Det er her snakk om gjenoppbygging av ei taubane som har lege nede i mange år, noko som må reknast som meir enn vanleg vedlikehald. Søknaden må derfor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova: «*Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*».

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Høgdegarden Øvste Stegen er ein viktig del av kulturlandskapet i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det er viktig at garden med bygningar og kulturlandskap blir haldt ved like, og veldig positivt at også den nye generasjonen er interessert i å ta vare på garden og drive aktivitet der. Vegen frå fjorden er lang, bratt og smal, og ei taubane vil kunne lette drifta betrakteleg. Ei taubane vil også kunne redusere framtidig behovet for bruk av helikopter, sjølv om dette framleis vil vere aktuelt ved frakt av tyngre last, då maks last på taubana er 100 kg.

Øvste Stegen Høgdegard har fått løyve til istandsetting av taubane, og saka er grundig utgreidd i tidlegare handsamingar. Det vert difor ikkje gått nærare inn i føremålet og behovet for løyvet. Forvaltar viser til dei vurderingane som er gjort tidlegare og som framleis er gjeldande. Vurderingane omfattar òg dei vilkåra i naturmangfaldlova § 48 som må vere oppfylte for at heimelen til å gi dispensasjon skal kunne nyttast. Det vert vist særleg til konklusjonen i saksutgreiinga for løyvet i 2025, at det er heimel til å vurdere søknaden etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Tryggleik er eit sentralt omsyn ved etablering og drift av taubaneanlegget. Behovet for sikker og forsvarleg forankring er eit relevant moment i vurderinga. Forvaltar vurderer at tiltaket er av avgrensa omfang, og at direkte forankring i fjell er den føretrekte løysinga der dette er mogleg. Samstundes er det viktig at søkjaren kan etablere naudsyste fundament der grunnforholda ikkje gjer det mogleg å oppnå forsvarleg forankring direkte i fjellet. Forvaltar legg særleg vekt på at fundament berre skal etablerast der grunnforholda gjer det naudsynt, at direkte forankring i fjell skal nyttast der dette er mogleg, og at dei samla terrenginngrepa vert haldne på eit minimum.

Kunnskapsgrunnlaget i saka vert vurdert som tilstrekkeleg for å kunne ta stilling til endringane det er søkt om. Forvaltar viser til tidlegare behandling av saka om taubaneanlegget og til opplysingane i søknaden om behovet for støpte fundament. Påverknadene av tiltaket er avgrensa og godt kjende. Fundamenta det er søkt om vil medføre eit mindre terrenginngrep på nokre av oppstillingspunktene for taubanebukkane. Forvaltar vurderer at dette i liten grad vil påverke landskapets art og karakter. Taubana er tidlegare godkjend, og fundamenta representerer i hovudsak ei teknisk tilpassing for å sikre forsvarleg forankring av bukkane. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 er vurdert som godt nok for å vurdere saka, og føre-var prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal påverknaden av tiltaket vurderast ut frå den samla belastninga økosystemet er eller vil bli utsett for. Fundamenta det er søkt om er avgrensa i omfang og skal dekkjast til etter etablering. Dei vil ikkje medføre vesentlege endringar i landskapsbildet utover den påverknaden som allereie følgjer av det godkjende taubaneanlegget. Betongfundament er eit noko større inngrep enn å feste i fjell. Men der det ikkje er mogleg å feste i fjell vil slike betongfundament som vert tildekt like vell vere ein skånsam måte å oppnå naudsynt sikring. Forvaltar vurderer at dei miljømessige konsekvensane av tiltaket er avgrensa og i hovudsak knytte til gjennomføringa av tiltaket. Denne endringa av tiltaket vil ikkje medføre nemneverdig auka belastning på naturmiljøet i området når det vert begrensa og den samla belastninga blir vurdert å vere akseptabel jf. nml § 10.

Når det gjelder flytting av vindauget på heishuset til motsett langvegg, vurderer forvaltar at dette er ei mindre bygningsmessig endring av førre vedtak utan nemneverdig verknad for verneverdiane, naturmangfaldet eller verneføremålet. På bakgrunn av dette vurderer forvaltar at dei endringane det er søkt om ikkje vil medføre ei vesentleg auke i den samla belastninga på økosystemet i området. Forvaltar viser til vurderinga frå tidlegare behandling av saka:

«Det blir søkt om å sette inn eit vindauge. Søker argumenterer for at dette vil vere viktig med tanke på lysinnslepp, spesielt på vinteren når dei tenker å sette ei luke for den opne vegg for å beskytte maskineriet mot snødrev og regn. Det mest vanlege var at slike enkle uthus ikkje hadde vindauge, og forvaltar ber søker vurdere om ikkje lys frå open dør og vegg vil gje tilstrekkeleg lys. Det finnes derimot tilfelle av tradisjonelle uthus med vindauge, så viss søker meiner det er heilt naudsynt, kan det settast inn eit lite vindauge som skissert. Det er viktig at både dør og eventuelt vindauge blir bygd etter gamal byggeskikk og at det ikkje blir satt inn ferdigkjøpte moderne vindauge og dør.»].



Tiltaka er av avgrensa omfang. Det er ikkje venta at dei vil føre til så stor miljøforringing at det vert aktuelt med særskilde avbøtande tiltak eller kostnadsansvar. Nml § 11 vert vurdert som lite relevant i denne saka.

Etter naturmangfaldlova §12 skal det leggjast vekt på bruk av dei teknikkane og driftsmetodane som, ut frå ei samla vurdering, gir dei beste samfunnsmessige resultata og den minste belastninga på naturmiljøet. Forvaltar legg til grunn at direkte forankring i fast fjell er den føretrekte løysinga, då dette normalt vil medføre mindre terrenginngrep enn etableringa av støypte fundament. Søkjaren har opplyst at det på fleire av oppstillingspunkta er for djupt ned til fast fjell til at ei slik løysing kan nyttast på ein forsvarleg måte. For å sikre tilstrekkeleg forankring av bukkane og trygg drift av taubaneanlegget er det difor naudsynt å etablere fundament på desse stadene. Forvaltar vurderer at direkte forankring ved bolting/gysing i fast fjell skal veljast framfor støypte fundament der dette er teknisk mogleg. Støypte fundament skal berre etablerast der grunnforholda gjer slik forankring uråd eller uforsvarleg. Dette sikrar at inngrepa i verneområdet vert haldne på eit minimum, samstundes som krava til tryggleik og stabilitet vert oppfylte.

Konklusjon

Forvaltar vurderer at dei endringane som søkt er om er av avgrensa omfang og ikkje vil påverke verneverdiane eller verneføremålet nemneverdig. Støypte fundament er naudsynt der grunnforholda ikkje gjer direkte forankring i fjell mogleg, og vil berre medføre mindre lokale inngrep. Flytting av vindauget på heishuset er ei mindre endring utan nemneverdig verknad på landskap eller naturmiljø. Etter ei samla vurdering meiner forvaltar at vilkåra for å gi løyve etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ er oppfylte.